

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
065/17	Kommunestyret	PS	02.11.2017

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FE - 141	16/520

Kommuneplanarbeidet- Planmidlar til KU og ROS av nye område i kommuneplanen og til nytt plankart i samband med andre gongs offentleg ettersyn

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Austrheim løyver kr. 250.000 i investeringsmidlar til kjøp av planarbeid i samband med kommuneplanen sin arealdel. Dette skal brukast til å utarbeida KU (konsekvensutgreiing) og ROS av nye område i kommuneplanen, og til nytt plankart i samband med framlegg til andre gongs offentleg ettersyn. Midlane vert teke frå budsjettvedtak **Budsjett 2017** gjort i kommunestyresak 145/16 i møte den 15.12.2016 til **Kartlegging** på kr. 100.000 og frå **Omsorgsbustadar** overført frå sak 029/14 på kr. 150.000.

Kommunestyret - 065/17 - 02.11.2017

KS - behandling:

Med bakgrunnen i endring av finansieringa av tiltaket la rådmannen fram fylgjande framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Austrheim løyver kr. 250.000 i investeringsmidlar til kjøp av planarbeid i samband med kommuneplanen sin arealdel. Dette skal brukast til å utarbeida KU (konsekvensutgreiing) og ROS av nye område i kommuneplanen, og til nytt plankart i samband med framlegg til andre gongs offentleg ettersyn.

Kostnaden kr. 250.000,- vert dekkja frå ansvar 802 - tilleggsbevilgning kommunestyret med kr. 90.000,- og ansvar 803 -tilleggsbevilgning rådmannen med kr. 160.000,-.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Kommunestyret i Austrheim løyver kr. 250.000 i investeringsmidlar til kjøp av planarbeid i samband med kommuneplanen sin arealdel. Dette skal brukast til å utarbeida KU (konsekvensutgreiing) og ROS av nye område i kommuneplanen, og til nytt plankart i samband med framlegg til andre gongs offentleg ettersyn.

Kostnaden kr. 250.000,- vert dekkja frå ansvar 802 - tilleggbevilgning kommunestyret med kr. 90.000,- og ansvar 803 - tilleggbevilgning rådmannen med kr. 160.000,-.

Saksopplysninger:

Austrheim kommune må ha konsulentbistand til å utarbeida KU (konsekvensutgreiing) og ROS analyse av nye område som kommunestyret den 22.02.2017 tok inn i kommuneplanen, men og bistand til nytt plankart i samband med framlegg til andre gongs offentleg ettersyn. Dette arbeidet må gjerast i samsvar med merknad og krav frå Fylkesmannen i Hordaland. Avdeling plan, bygg, oppmåling og miljø har hatt ein stilling i vakanse frå 1. mai 2016 (kommuneplanleggjar).

Det er fortida ikkje kapasitet til å gjennomføra dette planarbeidet i eigen regi i Austrheim kommune. Føresegna til kommuneplanen sin arealdel og planomtale til kommuneplanen tek avdelinga seg av sjølve i planframlegget til andre gongs offentleg ettersyn. Dette planarbeidet er kome godt i gang. Alle gards og bruksnummer som er bebygd i LNF-område skal vera med i føresegna. Både planomtale og føresegn må og endrast i samsvar med krava frå Fylkesmannen i Hordaland.

Målet no er å ha nytt framlegg til kommuneplan sin arealdel klar til kommunestyret i november 2017. Kommuneplanen må vera på andre gongs offentleg ettersyn i minimum seks veker etterpå. Om det ikkje vert motsegn frå offentlege instansar eller store endringar i samband med denne høyringa som kjem så kan kommuneplanen vedtakast våren 2018.

Vurdering:

Rådmannen vil peika på at avdeling plan, bygg, oppmåling og miljø har hatt ein stilling i vakanse frå 1. mai 2016 (kommuneplanleggjar). Det er mange arbeidsoppgåver på denne avdelinga og for å få kommuneplanarbeidet gjort ferdig ser rådmannen at det no må løyvast midlar til planassistanse for deler av planarbeidet her vidare.

Rådmannen meiner det er fornuftig og rett at Austrheim kommune løyver kr. 250.000 i planmidlar i samband med det vidare arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Dette skal brukast til å utarbeida KU og ROS av nye område i kommuneplanen, og til nytt plankart i samband med framlegg til andre gongs offentleg ettersyn. Både plankart og føresegn til kommuneplanen sin arealdel må endrast i samsvar med krava frå Fylkesmannen i Hordaland.

Rådmannen meiner det er naturleg å løyva midlar frå investeringsposten **Kartlegging** og frå **Omsorgsbustadane** på Kaland som det enno ikkje er kome i gang. Her er planendringa nyleg vedteke, det er mogeleg om framdrifta er god her å koma i gang med det fysiske arbeidet i 2018. Kostnadane med kjøp av det vidare planarbeidet er stipulert til å vera på om lag 250.000. Det vidare planarbeidet vil verta delt opp i fire separate delar:

1. KU (konsekvensutgreiing) og ROS analyse av nye område som skal inn i kommuneplanen
2. Plankartarbeid
3. Føresegner
4. Planomtale

Rådmannen synes det er fornuftig at Austrheim kommune sine eigne tilsette sjølve tek seg av

planarbeidet med føresegna til kommuneplanen sin arealdel og til planomtalen til kommuneplanen.

Rådmannen synes det er naturleg at investeringsmidlane for kjøp av planarbeid vert teke frå budsjettvedtak; Budsjett 2017 gjort i kommunestyresak 145/16 i møte den 15.12.2016 frå **Kartlegging** på kr. 100.000 og frå **Omsorgsbustadar** overført frå sak 029/14 på kr. 150.000.

Konklusjon:

Austrheim kommune løyver kr. 250.000 i investeringsmidlar i samband med kjøp av planarbeid med kommuneplanen sin arealdel. Dette skal brukast til å kjøpa planbistand til å utarbeida KU og ROS av nye område i kommuneplanen, og til nytt plankart i samband med framlegg til andre gongs offentleg ettersyn.